



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 27.06.2017
Vår ref.: 2017/199-9
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 17/1101 – 17/8165

Att. Anja Broch

Varsel om kulturhistorisk synfaring - nydyrking - gnr 43 bnr 11 - Toska - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 22.06.2017 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Det er frå før kjend fleire steinalderbuplassar på Toska. Då det aktuelle området har topografiske trekk som gjer at det er potensial for nye funn, finn vi det naudsynt med ei synfaring før vi kan gje endeleg fråsegn i saka. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er trong for ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova § 9. Synfaringa vert gjort så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.